

# TRAFIKKTRYGGLEIK I LARSNES FOTBALL

## **Trafikktryggleik**

I regi av idretten er det mange treningar, kampar, turneringar og møteverksemd som fører til mange kilometer i bil for spelarar, leiarar og foreldre. Ein kvalitetsklubb tek ansvar for at all transport i samband med klubben sine aktivitetar skjer på ein trygg måte. Idrettslaget vil ta eit samfunnsansvar fordi klubben er ein viktig aktør i nærmiljøet og vil kunne påverke mange trafikantgrupper til god åtfærd, gjennom kommunikasjon ovanfor utøvarar, publikum og føresette.

## **Rettleiing**

Ein klubb som ynskjer å utvikle ein heilskapleg policy for trafikktryggleik vil ha nytte av å ta utgangspunkt i råd skissert under, og tilpasse desse til klubben sin kvardag og transportbehov.

## **Generelt**

I all transport til kampar og turneringar skal avreisetidspunktet planleggast med god tidsmargin for trygg og sikker transport. Sjøførar med erfaring bør nyttast. Før transport skal sjåføren gjennomføre tryggleikskontroll på bilen med fokus på lys, bremsar og dekk. Passasjerar plikter å seie frå, stille krav til førar dersom han/ho opplever utryggleik undervegs i transporten.

## **Alltid bilbelte**

Vi hugsar alltid bilbelte som sjåfør eller passasjerar, enten vi sit i for-eller baksetet i bilen. Sjøføren har ansvar for at alle er sikra. Ved felles transport til kampar og andre arrangement nyttar vi buss med monterte setebelter til alle passasjerar. Alle pliktar å nytte setebelte.

## **Utkvilt og våken sjåfør**

Våre sjåførar er utkvilte når dei køyrer. På lengre turar har vi kvilepausar eller har sjåførar som kan bytte på å køyre.

## **Riktig fart**

Våre sjåførar er alltid på riktig side av fartsgrensa og vel alltid riktig fart etter forholda.

## **Mjuk trafikkant**

Vi skal vere synlege – bruke lys, refleks, synleg kle og bruke hjelm når vi sykklar.

## **Parkering**

Ved parkering vert bilane plassert med fronten mot neste ønska køyreretning.

## **Førstehjelp**

Klubben vår køyrer førstehjelpskurs til alle medlemmar og foreldre (sjåførar). Førstehjelpsutstyr (pute) og refleksvest er på plass i bilen.